


JORDMORTENESTEN I KLEPP

Helsestasjonstenester har dei siste åra vore eit statleg satsingsområde. Klepp kommune har styrka jordmortenesten i helsestasjonen slik at tenesten nå ligg over gjennomsnittet.



Helsestasjonen tilbyr svangerskapsomsorg for alle som ønsker det. Tidlegare var det bare gravide som tilhørde dei mest sårbare gruppene som fekk tenesten.

Vi har sett ei jevn auke i etterspørsel etter oppfølging av gravide gjennom hele 2016 og inn i 2017. Tal på konsultasjonar med jordmor har auka frå ca 500 i 2014 til ca 1000 i 2016, på same tid som tal på fødsjar har gått ned.

Svangerskapsomsorg er primær oppgåva

Det er ønskeleg at gravide kjem til konsultasjon hos jordmor tidleg i svangerskapet. Den gravide får medisinsk undersøking og samtale med jordmor om helse og levevanar for gravide. Tema som vert tatt opp med alle er kosthald og vekt, alkohol og andre rusvanar, røyking, snus, fysisk aktivitet og vold.

Tidleg heimebesøk

Heimebesøk av jordmor like etter mor og barn kjem frå sjukehuset, er nytt i Klepp. Mødre som har hatt oppfølging frå jordmor i svangerskapet ringer sjølv og avtalar tid. I dette møtet gir jordmor gode råd om amming og stell. Pr i dag er tilbodet om heimebesøk frå jordmor begrensa til å gjelda førstegongsfødande.

Jordmor har oppfølging i barnet sine første seks leveveker. I tillegg til heimebesøk tilbyr jordmor ammerettleiing i samarbeid med helsesøster.

Tilleggsoppgåver

Jordmor deltek i samarbeid med anna personale i helsestasjon, psykologtenesten og familieeininga i ulike tiltak og gruppetilbud, mellom anna:

- barselterapigruppe for dei som kjenner seg nedstemte etter fødsel og i barseltida.
- tvillinggrupper
- helsestasjon for ungdom i samarbeid med helsesøster, lege og psykolog.

Jordmor er med i arbeidsgruppa som sørger for å oppretthalde gode rutinar for gravide rusmiddelbrukarar og rusmiddelbrukarar med barn. Dette er i samarbeid med helsesøster, Psykisk helse- og rustenester, Barneverntenesten og fastlege.

Dersom kvinner treng kvalmeførebygging, lindring av bekkenplager og andre komplikasjoner ifbm svangerskap og fødsel, kan jordmor tilby akupunktur som del av svangerskapsomsorga.